

Sak 27-22 Status Melsgjerdet 3.

Tilråding til vedtak

Styret tar orienteringa til vitande.

Saksutgreiing

Bygginga følgjer framdriftsplanen, og overleveringsdato er onsdag 15 juni 2022. Vi reknar med å bruke heile dagen til gjennomgangen, men slik at bilane får tømme matavfall her på tampen av dagen.

Vi vil bruke tida framover til ferien, med å få på plass garderobeskap, kontormøblar, arbeidskle, hanskar, posar til utlevering med bilane med meir. Vi håper at dei tilsette i innsamlinga kan ha oppmøte her mellom 20 og 25 juni.

Offisiell opning blir til hausten. Innan den tid håper vi å ha på plass all innreiing, informasjonsskilt og ikkje minst det som går på HMS. Vi kjem tilbake med programforslag.

Bygg MA. (omlastingshall mat og restavfall med lastegrop, vaskehall).

Bygget er ferdig. Litt flikking og justering av portar, dører, vaske-, ventilasjon-, lukt-anlegg står att.

Bygg MA Rom 101-130. (garderobe-kantine-kontor-lager)

Bygget er ferdig. Garderobeskap, kontor/ kantine-møblar og kopimaskin blir levert i perioden 20 juni til 8 juli. Avtale er inngått med Lindbakk Møre.

Bygg MB (omlastings-, lagerhall for papir, glas og metall og plastavfall)

Bygget er ferdig. Litt flikking og justering står att. Legging av asfaltbetong. Klosseveggane inne i hallen har utsett leveringsfrist til 8 juli, då alt skal vere ferdig. Denne hallen får vi elles ikkje full effekt av før papirpressa er på plass. Den har leveringstid desember.

Uteområde / bilvekt / pumpehus og brannvasstank/ yttergjerde / hytterrenovasjonspunkt/ infiltrasjonsanlegg.

Brannvassanlegget er no kopla opp og anlegget er kopla opp mot 110 sentralen. Står att testing og slutt-programmering.

Asfaltarbeidet startar 31 mai og skal vere ferdig den 7 juni.

Hyttepunktet. Her må brønnane tømmast for vatn, innsatsen monterast, og overvakingkamera monterast. De må og merkast med køyreretning og generell informasjon om bruk av anlegget. Den elektroniske styringa av opning av brønnane er forseinka, og må monterast i etterkant.

Yttergjerdet er 50 % sett opp, og hovudporten blir sett inn når asfalteringa er ferdig.

Infiltrasjonsanlegg og fordrøyingsbasseng manglar autovern og innjustering av pumper. Der manglar og noko infiltrasjonsmasse.

Opplæring og serviceavtaler.

Det vert gitt opplæring i bruk av anlegget til to av våre tilsette 9 juni. Slik de vil sjå når de kjem på synfaring, er drift av anlegget så avansert, at vi kjem til å gå inn serviceavtalar med leverandørane for å sikre trygg og korrekt drift.


Økonomi

Sjå rapporten frå Aurstad Tunell AS. Den viser at vi følgjer kontrakt.

Av tilleggsarbeid på kr 13.001'er kr 11.069' sluttsummen som følgje av Statsforvaltaren sitt krav om rein og urein sone og påfølgjande infiltrasjonsreinsing av vatten frå rein sone.


Påløpt og ikkje fakturert kr 5-700' er hyttepunktet. Sluttsummen for T-nota kjem såleis ut noko betre for oss, enn overslaget vi leverte til styret i juni 2021 på kr 14.125'

Vi håper alt er klart slik at vi får legge fram eit byggerekneskap til styret på møtet 27 september.



Petter Bjørdal
Dagleg leiar

Vedlegg: Månadsrapport frå Aurstad Tunell AS

Statusrapport prosjekt		Aurstad 	
Tiltakshaver:	VØR	Side:	1 av 2
TE:	Aurstad Tunnel AS	Sist rev.	24.10.19
Prosjekt:	VØR Miljøpark Melsgjerdet	Dok.Id:	0201-206 D
Prosjektnr.:	20350	Dato /sign.:	230221/rsø

PROSJEKT: 20350 VØR MPM	PERIODE/MÅNAD: MAI 2022
<p>1) PLANLAGT OG UTFØRT - SISTE OG NESTE PERIODE</p> <p><u>Fokus siste periode:</u></p> <p>Omlastingshall: Alle bygningsmessige fag: Ferdig Vaskeanlegg ferdig Tekniske fag: Gjenstår testing og sluttprogrammering av enkelte funksjonar. Reingjering utførast fram mot overtakingsdato.</p> <p>Papirhall: Alle bygningsmessige fag: Ferdig, utenom ferdigstilling klosseveggar og nettingvegg Tekniske fag: Gjenstår komplettering i pumpehuset, samt testing og sluttprogrammering. Asfaltgolv: Legging startar tirsdag 31.mai.</p> <p>Adm.bygg: Alle bygningsmessige fag: Ferdige Tekniske fag: Gjenstår komplettering i teknisk rom, samt testing og sluttprogrammering. Byggvask ferdig. Golv må dragast over til slutt. Fasadeskilt utførast før overtakingsdato.</p> <p>Utomhus: Infiltrasjonsanlegg</p> <ul style="list-style-type: none"> - teknisk anlegg ferdigstillast fram mot overtakingsdato. - fyllingsarbeid filtermassar ferdigstillast mot overtakingsdato. - murar og membranar er ferdig utførte - autovern mot trafikkareal utførast fram mot overtakingsdato <p>Fordrøyingsbasseng</p> <ul style="list-style-type: none"> - basseng og tilbakefylling ferdig. - Pumper er på plass og må koplast opp mot automatisk styringsanlegg. - Autovern/rekkverk skal monterast <p>OVA-anlegg: 99 % ferdig. Avretting for asfalt ferdig 30. mai. Asfalt blir transportert sjøvegen med fraktskute og vidare med lastebilar til Melsgjerdet. Oppstart legging 31.mai. Natursteinsmuring er ferdig. Skyveport/gjerde/områdesikring ferdigstillast fram mot overtakingsdato</p>	

Statusrapport prosjekt

Tiltakshaver:	VØR	Side:	2 av 2
TE:	Aurstad Tunnel AS	Sist rev.	24.10.19
Prosjekt:	VØR Miljøpark Melsgjerdet	Dok.Id:	0201-206 D
Prosjektnr.:	20350	Dato /sign.:	230221/rsø

Bilvekt: Ferdig montert og programmert. Gjenstår finkalibrering/godkjenning av Justèrvesenet.

Arrondering/pussing: Avsluttande arrondering startast opp denne veka.

Tilsåing/beplanting: Utførast rett før overtaking.

Asfaltmerking: Utførast rett før overtaking

Skilt ved innkøyring utførast fram mot overtakingsdato.

Tilbakeføring sedimentasjonsanlegg og justering vassføring til elva står att.

1.1 Økonomioversikt for perioden

	Denne periode	Akkumulert, ekskl. innest.
A-nota	Kr 3 650 261,00	Kr 77 220 214,00 (98 %)
	Denne periode	Akkumulert (inkl. anslag mai)
Indeksregulering	Anslag mai: 400000 (indeks ikkje klar)	Kr 4 924 479,00
T-nota pr. 31.05.2022 (akkumulert T1+T2+T3+T4)	Kr 3 071 615,20	Kr 13 001 832,54
Påløpt og ikkje fakturert tilleggskostnad (estimat)	Kr 500 000-700 000	

1.2 Oppfølgingssaker

Sjå BH-møtereferat og tekniske avklaringar (TA)

1.3 Framdriftsplan

TE har kalla inn til overtaking av anlegget 15.06.2022.

Sjå elles gjeldande framdriftsplan på Sharepoint.

2) STATUS OVERORDNA FRAMDRIFT:

Stort sett iht. plan.

Dato:
30.05.2022

Totalentreprenørens prosjektleiar:
Richard Stokke Øyre